

# GRAVFERD I BEDEHUSFORSAMLING

NYNORSK

## INNHOLD

GRAVFERD I BEDEHUSFORSAMLING .....	2
GRAVFERDSORDNING: .....	2
1. MENS VI SAMLAST.....	2
2. FELLES SALME.....	2
3. INNLEIING VED LEIAR .....	2
4. BØN .....	2
5. MINNEORD.....	3
6. SALME (EV. ANNA SONG- OG MUSIKKINNSLAG).....	3
7. SKRIFTLESING .....	3
8. SALME ELLER SOLOSONG.....	4
9. TALE (NORMALT IKKJE OVER 15. MIN).....	4
10. BØN.....	4
11. SALME.....	4
12. BÅRA VERT FØRT UT TIL GRAVA.....	4
VED GRAVA.....	5
13. SALME.....	5
14. JORDPÅKASTING.....	5
15. BÅRA VERT SENKA.....	5
16. AVSLUTTANDE HELSING OG VELSIGNINGA.....	5

Godkjent av Hovudstyret 2.-3.12.2011

# GRAVFERD I BEDEHUSFORSAMLING

Handlinga gravferd er fellesskapet si siste teneste for den som har gått bort. Når ein person er død, vil dei som stod vedkomande nær, vanlegvis familien, syte for at den døde sin kropp vert handsama på verdig vis og får ei verdig gravferd. Grunnleggjande ordningar for gravferd er gitt i gravferdslova. ([www.lovdata.no/all/nl-19960607-032.html](http://www.lovdata.no/all/nl-19960607-032.html))

Etter gravferdslova er det «den avdøde sine nærmeste etterlatne» som avgjer korleis dette skal skje.

Den som skal leia gravferda bør tidleg ta kontakt med gravferdsbyrået for å bidra til at gravferda i størst mogleg grad skjer i samsvar med dei pårørande sine ønskje.

Vi forrettar gravferd etter dei etterlatne sine ønskje, og med utgangspunkt i bibelsk vedkjenning og tru. Det er difor viktig at det blir ført gode samtalar med dei etterlatne.

Gravferder har ei ytre ramme som påverkar den praktiske gjennomføringa. Mange bedehus er ikkje praktisk tilrettelagde for å forrette gravferd. Dei har heller ikkje nokon tilknyting til ein gravstad. Difor kan det vere aktuelt å nytte offentlege gravkapell eller den lokale kyrkja dersom vi forrettar ved gravferd. Ligg det praktisk til rette på bedehuset eller i forsamlinga sitt eige lokale, kan dette nyttast.

## GRAVFERDSORDNING:

### 1. MENS VI SAMLAST

Det vert spela høveleg musikk mens folket samlast.

### 2. FELLES SALME

### 3. INNLEIING VED LEIAR

Nådehelsing

Kjære sørgjande!

*Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!*

*Vi er i dag samla for å ta avskjed med/ved båra til (fullt namn) som døydde (dato), xx år gammal.*

*«For så elsa Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»*

*Joh 3,16*

### 4. BØN

*Lat oss be:*

*(Bøna kan vere fri eller ein kan hente den frå bibelske salmar, som f.eks. frå Salme 90; Salme 103; Salme 121.)*

*Alternativ ved borns bortgang:*

*Du har sagt at ikkje ein sporf fell til jorda utan at du veit om det. Vi ber deg ....*

## 5. MINNEORD

Leiar eller ein representant for familien held ein kort minnetale som så langt mogleg byggjer på samtale med dei pårørande.

Ev. kransepålegging og helsingar kjem her.

## 6. SALME (EV. ANNA SONG- OG MUSIKKINNSLAG)

## 7. SKRIFTLESING

Minst tre av desse tekstane bør lesast. Kan supplerast.

**Leiar:**

La oss høyra kva Guds ord vitnar om livet og døden, om dommen og det evige liv.

Det står skrive hjå profeten Jesaja i kapittel 40:

*6 Høyr, det er ein som seier: Rop! Og ein annan svarar: Kva skal eg ropa?- Alt kjøt er gras, og all herlegdomen det har, som blomen på marka.*

*7 Graset tørkar bort, blomen visnar når Herrens ande blæs på det. Ja, sanneleg, folket er gras.*

*8 Graset tørkar bort, blomen visnar. Men ordet frå vår Gud står fast til evig tid.*

Det står skrive i Paulus sitt brev til forsamlinga i Rom kapittel 14:

*7 For ingen av oss lever for seg sjølv, og ingen døyr for seg sjølv.*

*8 For om vi lever, så lever vi for Herren, og om vi døyr, så døyr vi for Herren. Anten vi då lever eller døyr, høyrer vi Herren til.*

*9 Difor døydde Kristus og vart levande att, for at han skulle vera Herre over både levande og døde.*

*10 Men du, kvifor dørmer du bror din? Eller du, kvifor vanvørder du bror din? Vi skal alle førast fram for Guds domstol.*

*11 For det står skrive: Så sant eg lever, seier Herren, for meg skal kvart kne bøya seg, og kvar tunge skal prisa Gud.*

*12 Så skal då kvar og ein av oss gjera Gud rekneskap for seg sjølv.*

Det står skrive i Paulus sitt første brev til forsamlinga i Korint i det 15. kapittel:

*53 For dette forgjengelege må verta kledd i uforgjengelegdom, og dette døyelege må verta kledd i udøyelegdom.*

*54 Men når dette forgjengelege har vorte kledd i uforgjengelegdom, og dette døyelege har vorte kledd i udøyelegdom, då vert det ordet oppfylt som står skrive: Døden er oppslukt til siger.*

*55 Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger?*

*56 Brodden i døden er synda, og krafta i synda er lova.*

*57 Men Gud vere takk, som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!*

Det står skrive i Johannes Openberring kapittel 21:

- 1 *Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord. For den fyrste himmelen og den fyrste jorda hadde kvarve bort, og havet er ikkje meir.*
- 2 *Og eg såg den heilage byen, det nye Jerusalem, stiga ned frå himmelen frå Gud, gjort i stand lik ei brur som er prydde for brudgomen sin.*
- 3 *Frå trona høyrde eg ei høg røyst som sa: Sjå, Guds bustad er hjå menneska. Han skal bu hjå dei, og dei skal vera hans folk, og Gud sjølv skal vera hjå dei og vera deira Gud.*
- 4 *Han skal tørka kvar tåre frå augo deira. Og døden skal ikkje vera meir, og ikkje sorg, og ikkje skrik, og ikkje pinsle skal vera meir. For dei fyrste ting har kvarve bort.*
- 5 *Og han som sat på trona, sa: Sjå, eg gjer alle ting nye! Og han seier til meg: Skriv! For desse orda er truverdige og sanne.*

Ved gravferd av born kan ein velje desse tekstar:

Mark 10,13-16;  
Joh 10,14.28-29;

Ved gravferd for spedborn eller born som døydde før fødselen, kan en velje andre tekstar, f.eks.: Salme 39,5-8.13-14; Salme 139,1-6.13-18; eller tekstar som uttrykkjer lidinga, smarta og det uforståelege.

## 8. SALME ELLER SOLOSONG

## 9. TALE (NORMALT IKKJE OVER 15. MIN)

## 10. BØN

**Leiar:**

Evige Gud, himmelske Far. Du har i Son din, Jesus Kristus, gjeve oss siger over døden. Vi ber deg, lei oss ved din Heilage Ande, så vi aldri kjem bort frå deg, men lever livet vårt i trua på Son din så vi ein gong når fram til det evige livet i ditt fullkomne rike, ved Jesus Kristus, vår Herre.

Bøna vert avslutta med Herrens bøn  
(«Fader vår» vert beden i den språkforma som er naturleg.)

## 11. SALME

## 12. BÅRA VERT FØRT UT TIL GRAVA

## VED GRAVA:

### VED GRAVA:

Ved kremasjon vert ledda 13, 14 og 16 gjennomført inne i kyrkja/forsamlingslokalet.

### 13. SALME

Alternativ: Så tak då mine hender; Å, tenk når eingong samlast skal, Jesus lever gravi brast.

### 14. JORDPÅKASTING

**Leiar:**

*Av jord er du komen!*

*Til jord skal du bli!*

*Av jord skal du atter stå opp!*

### 15. BÅRA VERT SENKA

Det kan leggjast blomar på båra.

### 16. AVSLUTTANDE HELSING OG VELSIGNINGA

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leve om han enn døyr! Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.*

*Joh 11,25-26*

**Leiaren** vendt mot folket/gravfølgjet:

Ta imot velsigninga:

*Herren velsigne deg og vare deg.*

*Herren la sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.*

*Herren løfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.*

*Amen.*